



### HANNE KOLSTØ ER IKKJE ÅLEINE

Sykkylvsartisten kjem med album nr. 8 neste år. Denne veka kom den andre singelen på plata. «E vi åleine» viser at *Is* har eit røffare lydbilete enn den førre plata, *Fest Blikket*. Kolstø held fram på norsk, og tilværet som rotlaus får farge musikken hennar, melder Musikknhyeter. For tida pendlar ho mellom Follo og Sykkylven.

Foto: Wikimedia Commons



Frida Ånnevik er inne i ein kreativ periode. Pressefoto

som eg finn gripande i den beste tydinga av ordet. Den einestående låten «Gutt», som ikkje minst er ein mektig vokalprestasjon frå Ånneviks side, skildrar ein famlande søken etter kjønnsidentitet vi vel knapt har høyrte uttrykt slik på norsk før. «Basert på en sann historie» gjer trefande opprør mot den patriarkalske historieforteljinga, og vart først trykt som dikt i Klassekampen: «Fedrene har kjempet, mødrene har greitt. Må vi skrive det om, rette det opp, ønske oss en annen kropp? Vi går for dem

som har grått for oss, gått foran oss.»

*Flyge fra* har også ei mobiliserande kraft og ber bod om at det finst andre forteljingar som ventar på å verte fortalde – om kven vi er, og kven vi kan verte. Ikkje minst det siste spirer og gror i denne musikken, som artisten sjølv treffande har kalla «pop i ope landskap».

#### ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

## Mønstergyldig

Agostino Steffanis kammerduettar er klassiske i den rette tydinga av ordet.

### CD



AGOSTINO STEFFANI:  
**Duets of Love and Passion**  
BOSTON EARLY

MUSIC FESTIVAL CHAMBER ENSEMBLE CPO 2017

Det blir stadig meir klårt kor viktig Agostino Steffani var i utviklinga av musikken i høgbarokken, særleg den tyske. Dei 13 fyrste åra av livet budde han i Veneto-regionen i Nord-Italia, der han var gutesopran i katedralkora i Venezia og Padova. Men resten av karrieren hadde han ved fyrstehoffa i Tyskland, der han verka som komponist, diplomat og titulærbiskop (biskop utan bispedømme, som ein statsråd utan portefølje).

Mest vidgjeten var han for dei seks heilftans operaane han komponerte i Hannover. Men sidan operaførframføringar – den gong som no – var yst kostesame å realisera, skreiv han òg operaaktig kammermusikk med enkelt akkompagnement, verk som ikkje kravde stor teaterscene, orkester og dyre kulissar. Det er musikk av denne sorten, nemleg kammerduettane, Boston Early Music Festival Chamber Ensemble no har spela inn.

### HAR ALT

Medan det var dei pompøse operaane som gjorde Steffani kjend på slutten av 1600-talet, var det dei subtile kammerduettane som levde vidare utover på 1700-talet. Desse kompakte komposisjonane for to songstemmer og *basso continuo*



Italienske Agostino Steffani (1653–1728) var komponist, diplomat og katolsk titulærbiskop i Tyskland.

(besifra bassline) er klassiske i den rette tydinga av ordet: Dei er mønstergyldige innan sin sjanger og blei flittig apa etter av den neste generasjonens operakomponistar, mellom dei Vivaldi, Händel og Telemann, men utan at desse «forbetra» sjangeren på nokon måte.

Steffanis duettar har nemleg alt: Tema er songlege, forholdet mellom dei to songstemmene er slik at den eine ikkje dominerer over den andre, harmoniane er underfundige, og den diskrete bassmelodien støttar og framhever overstemmene på naturleg vis. For musikalsk skolerte lyttarar har musikken i tillegg ei anna djupn: Steffani var ein meister i det sokalla «dobbelte kontrapunktet», ein raffinert komposisjonsteknikk der ein kan byta om på dei ulike temaa utan at ein skiplar det klanglege resultatet. *Gefundene*

fressen for dei meir nerdete mellom tilhøyrarane, altså.

### ORKESTRALT PREG

Den fremste styrken ved innspelinga til Boston-ensemblet er den frodige bassbesetninga deira. *Basso continuo*-stemma, som i partituret berre er notert på éi noteline, blir her nemleg utført av opp til seks bassinstrument, nemleg teorbe (stor basslutt), barokkgitar, barokkharpe, cembalo, cello og gambe. Dette gjev lydbiletet eit orkestralt preg, der dei snogge akkordane i gitaren gjev det heile fart og liv. Songarane på plata er òg dugande, sjølv om begge sopranane kling litt litte når dei trakterer det hogaste registeret.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Russisk wagnerianar

### CD



ALEKSANDR SKRJABIN:  
**Symphony No. 2, Piano Concerto**  
KIRILL GERSTEIN,

KLAVER; OSLO FILHARMONISKE ORKESTER; DIR.: VASILY PETRENKO. LAWO 2017

Megalomani, mystisisme og eksentrisitet – Aleksandr Skrjabin scora høgt på alle desse punkta. Som sitt *magnum opus* planla han eit verk ved namnet *Mysterium*. Her skulle alle kunstartar sameinast, tid og rom skulle oppløysast, og del-takarane skulle gjennomgå «fullstendig transcendens»

– kva no det skal tyda. Ikkje minst skulle det heile framførast ved foten av Himalaya.

Det treng ikkje presiserast at prosjektet aldri kom ut over skrivebordsstadiet. Det gjorde derimot symfonien og klaverkonserten som Oslo Filharmoniske Orkester no gjev oss ei makelaus god innspeling av: *Symfoni nr. 2*, op. 29, syner at russaren ikkje berre hadde mykje av den kunstfilosofiske megalomanien til Wagner, men òg kjende godt til tonespråket hans. Fyrstesatsen «andante» har nemleg bølgyande wagnerske harmoniar og ein endelaus melodisk straum, der slutten på kvar frase er byrjinga på den neste – eit storfelt klangbiletet

som Oslofilharmoniens sjefdirigert Vasily Petrenko styrer med absolutt kontroll over dei minste detaljane.

### SJUR HAGA BRINGELAND



Den russiske komponisten Aleksandr Skrjabin (1872–1915). Foto: Wikimedia

